



Konfirmantane i Uskedalen samla med sokneprest Lina Håland til fotografering. Camilla Myklebust Ripel, Kristian Klette Hansen, Fredrik Haugland, Martin Hjelmeland Arnesen, Ole Alexander Legland Lange, Sondre Klyve, Ida Marie Kildal Eidsvik, Andrea Hjelmeland, Viljar Simonnes Tveit, Thea Soltveit Taranger, Sander Simensen Haraldseid, Hanna Tvilde, Amalie Hovden Rød, Marius Hauso, Iver Andre Kårstad, Caroline Kjerpeseth.

**Ei fullsett kyrkje fekk i dag oppleve ei verdig og fin konfirmasjonshøgtid. 16 konfirmantar pynta og kledde i sine beste klede. Med seg hadde dei foreldre, sysken, besteforeldre og inviterte gjester. Ved bøn for kvar einiskild konfirmant vart det tend lys i globen og alle fekk kvar si rose frå soknerådet i Uskedalen. Dagen før fekk alle i gåve boka Høyr kor kyrkjeklokka kallar - Uskedal kyrkje 100 år.**

Kantor Eva Megyesi spela til inngang Deo Gracias, komponert av Gordon Yong. Soknepresten, Lina Håland, takka konfirmantane for eit godt og innhaldsrikt førebuiingsår. Ho minna alle på at konfirmasjonen er stadfestinga på dåpen. Bak ligg all kunnskapen ein har delt om dåp og nattverd, om kjærleiken og om trua.



[Konfirmantane i kvite kapper i ei fullsett Uskedal kyrkje.](#)

I talen hennar fortalde ho om alle bileta ho tek og sender. Mange motiv syner ein veg framom eller bak. Frå ein tur i Sirdalsheiane trong ho finna vegen. Fram mot den fyrste hytta gjekk det leikande lett på ein god turmerka sti. Andre dagen var verre. Dei raude T-ane var uklare. Eit skilt hadde falle ned og synte feil veg. Det gjekk bra. Ho fann hytta og målet for turen.

Det er ofte vanskeleg å finna den rette vegen. Vi treng kart og kompass. Livet er ei vandring. Menneske treng Guds hjelp for både å finna vegen fram og om ein må snu dersom ein er på feil veg.

Til utgangsprosesjon spela kantoren Song of you, komponert av Christother Boodle. Men før det var det takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal